

Fra: Marit Heidi Seim[maritheidi@gmail.com]
Sendt: 03.12.2023 16:16:32
Til: Helse Vest, Postmottak[sb_hve_postmottak@ihelse.net]
Tittel: Til styret i Helse Vest ved styreleiar

Til styret i Helse Vest,

Vedgåande anbodskonkurranse på spesialiserte rehabiliteringstenester

Brukarrådet i Helse i Hardanger (HiH) ser med uro på vedtaket som er gjort av Helse Vest (HV) når det gjeld pasientbehandling i HiH. For oss som er avhengige av desse tenestene, ser det no ut til at pasientane kan bli dei største taparane i denne situasjonen.

Me er godt kjende med all informasjonen som HV har etterspurt, og det er uforståeleg for oss at HV har klart å tolka det som er kome inn på ein slik måte at HiH ikkje vert tildelt ein einaste plass. Eit pasientforløp i HiH har eit opphald på ei lita veke og ei oppfølging på tre månader eller meir. Det tverrfaglege teamet vert utnytta på ein måte som gjev stor gevinst med tanke på personellbruk. Og best av alt: Det har dokumentert effekt.

Som de heilt sikkert har lese, sett og høyrte i ulike media: Dokumentasjonen frå HiH talar sitt tydelege språk; menneske med ulike langvarige helseplager, fysiske eller mentale, opplever stor betring både vedgåande funksjonsevne, arbeidsførleik og livskvalitet. Bruken deira av ulike helsetenester har i tillegg gått mykje ned. Pasientane er betre i stand til å ivareta eiga helse etter dette konsentrerte behandlingssopplegget.

Som representantar for ulike pasientorganisasjonar forventar brukarrådet at HV ivaretek kravet frå styresmaktene om mest mogeleg helse for pengane. HiH er både konkurransedyktig og føremålstenleg. Resultata av behandlinga er tydelege. Helsekøane viser at trongen for nyskapande, kostnadseffektive og treffande løysingar er stor. HiH har vist kva dei kan oppnå med sitt konsentrerte behandlingssopplegg, og dette har vekt oppsikt langt ut over landegrensene.

Brukarane av desse tenestene treng tilbod som kortar ventetida i helsekøane, ivaretek heile mennesket og som lærer oss i større grad å ivareta eiga helse. Dette får HiH til. Det forstår me når pasientane får koma til orde.

helsing
for Brukarrådet i Helse i Hardanger
Marit Heidi Seim
Leiar